

# Retningslinjer for tilskot til næringsformål

Vedteke i Vik kommunestyre 11.2.21 (sak 012/21).

## 1. Generelt om reglementet

Vik kommune får årleg inntekter frå vasskrafta i kommunen gjennom konsesjonsavgifter som vert satt på eit fond – kraftfondet. Fondet skal, i følgje vedtekten, nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemder og vidareutvikling av eksisterande verksemder i kommunen.

Frå kraftfondet gjev Vik kommune tilskot til næringstiltak som:

- Skapar nye arbeidsplassar, enten ved etablering av nye verksemder eller ved utvikling av eksisterande verksemder.
- Trygger eksisterande arbeidsplassar.
- Aukar produksjonen i landbruket
- Aukar bulyst og omdømme til kommunen gjennom utvikling i bygdene.

Det vert gjeve fire ulike typar tilskot:

- **Oppstarts- og opplæringstilskot**  
Tilskot til nyetablering, kurs og kompetanseheving, tilsetting av lærlingar og traineear i nye stillingar. Slike tilskot vil ha mindre krav til søknad, handsaming og rapportering enn store prosjekt.
- **Prosjekttilstskot**  
Tilskot til investeringar i næringsbygg, produktutvikling, driftsmidlar og liknande. Vik kommune er positive til god idéar og satsingar i kommunen og ynskjer å bidra til at dei rette idéane vert realiserte.
- **Bygdeutvikling og omdømebygging**  
Tilskot til arrangement og andre tiltak som bidreg auka til bulyst og omdømme.
- **Landbrukstilstskot**  
Særlege tilskot til landbruk.

## Kven

Tilskotsordninga er meint å vera til hjelp for både nyoppstarta og eksisterande verksemder med adresse i Vik kommune. Organisasjonar, verksemder utanom kommunen og det offentlege kan også søkje om tilskot som gjeld bygdeutvikling og omdømebygging.

#velkomentalvik



## Kva støtte

Tilskot kan vere i form av pengar, tenesteyting, eller rådgjeving

## Korleis søker

Søknad sendast til

- Landbruksstøtte, sjå avsnitt 5: [postmottak@vik.kommune.no](mailto:postmottak@vik.kommune.no)
- Alle andre søknader: Søk på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Ein godt gjennomarbeida søknad er viktig for sakshandsaminga.

Søknaden må minimum innehalde:

1. Informasjon om søker
2. Skildring av verksemda og tiltaket.
3. Budsjett med finansieringsplan.
4. Plan for gjennomføring av tiltak

Søknader om prosjektilskot må også seie noko om dei forventa verknadane av prosjektet med omsyn til fleire arbeidsplassar, auka omsetning, kompetanseheving og/eller andre ringverknader.

Søknader om bygdeutvikling og omdømmebygging må seie noko om ringverknader i bygdene og korleis tiltaket vil styrke omdømmene.

## 2. Oppstarts- og opplæringstilskot

Tilskot som skal stimulera til nyetablering, tilsetjing av ungdom og nyutdanna og kompetanseheving.

### Nye verksemder:

1. Oppstartstilskot på kr 20.000,-
2. Inntil 15 timer rådgjeving

Dersom det er trøng for meir støtte til oppstart, må det søkjast om prosjektilskot. Verksemda må ha som mål å skape nye arbeidsplassar.

### Trainee og lærlingar:

1. Det vert gjeve kr 25.000,- i støtte til verksemder som tek inn trainee gjennom ordninga til Framtidsfylket.
2. Det vert gjeve kr 25.000,- i støtte til verksemder som tek inn lærlingar.



Både verksemda og trainee/lærling må ha adresse i Vik kommune for å kvalifisere til støtte.

### Kurs og opplæring:

1. Det vert gjeve støtte på inntil 50% av eksterne kostnader til kurs eller opplæring. Kurset kan vere eksternt eller internt i verksemda med ekstern kursleiar.
2. Kurs i regi av kommunen eller Vik Næringsamskipnad kan få dekka inntil 100% av eksterne kostnader dersom kurset er ope for alle arbeidsplassane i kommunen

Det vert ikkje gjeve støtte til ordinær opplæring, som for eksempel HMS-kurs eller opplæring som er obligatorisk for at medarbeidarane skal oppfylle krav til kompetanse og sertifiseringar.

### 3. Prosjekttildskot

- Det vert gjeve støtte på inntil 20% av godkjend prosjektkostnad.

Vik kommune ynskjer å utvikla alle delar av næringslivet i kommunen men vil spesielt støtte dei som satsar for å skapa ny arbeidsplassar.

Prosjekttildskot kan gjevast til større utviklingsprosjekt som til dømes:

1. Prosjekt innan produktutvikling og verksemrutsutvikling
2. Investeringar i nybygg, utviding, modernisering eller ombygging av eksisterande bygg.
3. Investering i varige driftsmidlar
4. Regionale prosjekt som fremjar næringsutviklinga i Vik kommune

Ved budsjettering skal det maksimalt nyttast 350 kr/time i eigeninnsats for timearbeid og 800 kr/time for maskin med førar.

### 4. Bygdeutvikling og omdømmebygging

- Det vert gjeve støtte på inntil 20% av godkjend kostnad

Vik kommune ynskjer å stimulere til tiltak, arrangement og prosjekt som skapar levande bygder der det er godt å bu.

Frivillige lag og organisasjoner kan søkje om tildskot til møteplassar, aktivitetstilbod, mindre stadsutviklingstiltak og arrangement som fremjar trivsel, styrkar samhaldet og gjev god marknadsføring av lokalsamfunnet. Tiltaket skal vere ope og tilgjengeleg for alle.

Ved budsjettering skal det maksimalt nyttast 250 kr/time for dugnadssarbeid.



## 5. Landbruk

For landbruk er det avsett midlar frå kraftfondet og søknader vert handsama av landbruksavdelinga i kommunen. Nyskapande tiltak og produktutvikling kan søkje om prosjekttilskot til like med andre næringar.

### Driftsbygningar og tunnelar til bær og frukt

- Inntil 10% av godkjend prosjektkostnad

Maksimale tilskot:

- Einskildbruk: kr 60.000,-
- Samdrifter: kr 150.000,-

Ordnингa gjeld nybygging og ombygging, men ikkje reiskapshus, lager, kjølerom og liknande.

### Skogsvegar

- Inntil 20% av godkjend prosjektkostnad til andelen av kostnadane som gjeld skoginteressene. Skogsbilvegar og traktorvegar i bilvegtrasé skal prioriterast.

Skogsvegar er vegar der skog utgjer meir enn 50% av formålet med vegen.

### Mjølkekvote

- Inntil 15% av godkjende kostnader ved kjøp av mjølkekvote for minst kr 25.000,-

Vert kvoten seld eller leigd vekk innan fem år må tilskotet betalast tilbake.

### Planting av bær

- Bringbær: Inntil kr 6000,- per 300m planterad ved nyplanting og halvparten ved replanting.
- Jordbær: Inntil kr 4500,- per daa for nyplanting og halvparten ved replanting.

Plantene skal vere statskontrollert plantemateriale. Tilskotet til nyplanting gjeld netto auke i areal med bær. Tilskot til replanting gjeld ikkje eittårige planter.

Det kan gjevast tilskot til etablering av andre kulturar som prosjekt-tilskot, sjå kapittel 3.

### Planting av frukt

- Inntil kr 7500,- per daa for nyplanting

Arealet må vere på minst 5 daa, følgje tettplantingsprinsippet og ha hjortegjerde.



## Hjortegjerde

- Inntil kr 7500,- per 100 m gjerde. Gjerdet må vere minst 1,9 meter høgt.  
Arealet skal vere minimum 5 daa og godt utnytta.

Fellesprosjekt og prosjekt der større areal vert verna skal prioriterast.

## Nydyrkning

- Inntil kr 5000,- per daa.

Arealet må vere minst 2 daa.

## Økologisk drift

- Det vert gjeve kr 30.000,- i støtte til omlegging til økologisk drift.

50% av tilskotet vert gjeve første året og siste 50% ved DEBIO-godkjenning av heile bruket.

## Grøfting av tidlegare fulldyrka areal.

- Det vert gjeve inntil kr 5000,- per 100m i støtte grøfting av tidlegare fulldyrka areal.

Grøfteplan skal visast på kart i målestokk 1:1000 eller 1:2000.

## Kurs og opplæring:

Det vert gjeve støtte på inntil 50% av eksterne kostnader til kurs eller opplæring.

## 6. Prioriteringar

Ved prioritering av tilskot til tiltak vert følgjande kriteria lagt til grunn:

- Nye arbeidsplassar i kommunen. Nye arbeidsplassar for grupper som slit med å kome inn på arbeidsmarknaden skal spesielt prioriterast.
- Ringverknader i lokalsamfunnet
- Nyskaping og omstilling
- Innverknad på klima, miljø og folkehelse
- Realisme i prosjektet med tanke på gjennomføringsevne, tidsplan og budsjett.
- Om tilskotet har utløysande effekt



## 7. Vilkår og bakgrunn

### 7.1 Heimel

Dette reglementet er heimla i vedtekten for Vik kommune sitt kraftfond, vedteke av kommunestyret 21.06.2010.

§6 i vedtekten for kraftfondet seier at Kommunestyret vedtek eige reglement for tildeling av tilskot frå fondet. Kommunestyret kan gjennom reglementet delegera til formannskapet og rådmannen å ta avgjerd i saker om tilskot frå fondet innafor gjevne fullmaktsgrenser.

I tillegg til vedtekten i kraftfondet byggjer dette regelverket på siste utgåva av strategisk næringsplan.

### 7.2 Handsaming og fullmakter

Søknader vert handsama fortløpande.

Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement. Saker som er avgjorde av Rådmannen skal refererast i formannskapet. Formannskapet tek avgjerd i saker som går utover Rådmannen sine fullmakter. Søknader som gjeld tilskot over kr 100.000,- skal handsamast og avgjeraast i formannskapet.

### 7.3 Klage

Klage på vedtak gjort av rådmannen vert handsama av formannskapet som klageinstans.  
Klage på vedtak gjort av formannskapet vert handsama av i kommunestyret som klageinstans.

### 7.4 Tilskotsgrenser

- Eit prosjekt kan etter EØS-avtalen, artikkel 61, motta støtte på inntil 200.000€ over ein treårsperiode, sokalla bagatellmessig støtte. For vegtransportsektoren gjeld ein terskelverdi på 100.000€ over tre år.
- Samla tilskot skal ikkje utgjera meir enn 50% av kapitalbehovet i prosjektet.
- Tilskot utrekna til under kr 10.000,- vert ikkje utbetalt.

### 7.5 Utbetalingar og frist for gjennomføring

- Tilskota vert utbetalt slik det går fram av vedtaket. Minst 10% av tilskotet skal haldast attende til sluttrapport er godkjend.



- Oppmading om utbetaling skal vere skrifteleg, per post eller e-post
- Ved avvik mellom beløpa i søknaden og faktiske kostnader, vil det vera dei faktiske kostnadane som avgjer kor mykje som vert utbetalt, avgrensa oppover til tilsagnet.
- Dersom ikkje anna er nemnd i vedtaket, er tilsagnet gyldig i 12 månader frå vedtaksdato. Det kan etter særskild søknad gjevast forlenging. Søknad om forlenging må vera motteken innan fristen for tilsagnet.

## 7.6 Rapportering

Sluttrapport skal minimum innehalde informasjon om

1. Resultatet av prosjektet
2. Opplysningar om korleis støtta vart brukt
3. Oppstilling med budsjett / rekneskap

## 7.7 Tilbakebetaling av tilskot

Situasjonar som kvalifiserer for tilbakebetaling av tilskot, heilt eller delvis

- Verksemda / arbeidsplassen flyttar ut av kommunen før det har gått fem år sidan tilskotet vart utbetalt.
- Manglande oppfylling av vilkår av vedtaket

